



Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep
0030 OSLO

U.off. offl. § 15

Høring om "Ny felles parkeringsregulering" - Meirverdiavgift

Vi viser til Finansdepartementet sitt brev av 14. august 2014 med oversending av høringsdokument, herunder forslag til ny felles parkeringsregulering vedlegg 2 kap. 5.9 til uttalelse.

Vedlegg 2 inneheld forslag til nytt parkeringsregelverk for offentlig og privat parkering. Reglane skal omfatte all vilkårsparkering som vert tilbydd allmenta, det vil seie parkering mot betaling, med tidsbegrensing eller andre vilkår. Fordi parkeringstilbodet langs veg har særleg betydning for framkommelegheit og sikkerheit, samt handheving av parkerings- og stansforbod, vert det foreslått å oppretthalde eit einerettsområde der kommunen har både særleg ansvar og friheit. Dette einerettsområdet vert forslått avgrensa til ein "integrrert del av ferdselsåre langs offentlig veg", noko som er ei presisering i høve til gjeldande forståing.

Skattedirektoratet legg til grunn at dersom kommunen innfører betalingsparkering i einerettsområdet, så vil dette vere meirverdiavgiftspliktig omsetning etter meirverdiavgiftslova § 3-11 andre ledd bokstav c. Denne avgiftsplikta for utleige av parkeringsplassar gjeld både kommunar og private næringsdrivande, uavhengig av om parkeringa skjer på offentlig eller privat veg eller i parkeringshus og garasjar. Vi kan ikkje sjå at ein ny definisjon av einerettsområdet til kommunen skal medføre nye tolkingsutfordringar for meirverdiavgift på betalingsparkering.

Vidare er det eit vilkår for meirverdiavgiftsplikt at det føreligg omsetning, det vil seie at det vert levert ei vare eller teneste mot vederlag. I tilfelle der den som betalar avgifta eller gebyret ikkje mottek ei gjenyting, vil det ikkje vere meirverdiavgiftspliktig omsetning. Dette inneber at det ikkje skal reknast meirverdiavgift av gebyr og liknande av sanksjonsmessig art som vert ilagd for overtreding av parkeringsvedtekter, gebyr og trafikkbøter for overtreding av trafikklovgjevinga, til dømes feilparkering. Vidare vil dette gjelde reine tilleggsavgifter for manglande betaling eller for oversitting av parkeringstida.

Samferdselsdepartementet tek opp spørsmålet om avgrensing av meirverdiavgiftsunntaket i § 3-9 for offentlig myndigheitsutøving. Eit eksempel på omsetning som er unnateke frå meirverdiavgiftslova etter denne føresegna er sal av piggdekkso blat. I høve til parkeringsverksemd har Skattedirektoratet ikkje komme på relevante eksempel der unntaket for offentlig myndigheitsutøving er aktuelt, og vi kan ikkje sjå at den nye definisjonen av kommunen sitt



einerettsområde skal skape nye utfordringar i høve til meirverdiavgiftsreglane. Dersom aktørane i bransjen har eksempel på transaksjonar som skaper tolkingstvil, vil skatteetaten gjerne bistå med avklaring av spørsmåla.

Ver vennleg og vis til referansen vår ved seinare korrespondanse i saka.

Med helsing

Lars Jone Skimmeland
seksjonssjef
Rettsavdelingen, avgift
Skattedirektoratet

Jorid A. Øvrebø

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje håndskrivne signaturar